

Vedlegg nr.  
C - )



## Opplysninger gitt i nabovarsel sendes kommunen sammen med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)

Pbl § 21-3

Tiltak på eiendommen:						
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiendommens adresse	Postnr.	Poststed
108	515			Veråsvegen 134	5955	LINDÅS
Eier/fester				Kommune		
Consensus Holding AS				LINDÅS		

Det varsles herved om						
<input type="checkbox"/> Nybygg	<input checked="" type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving			
<input type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring			
<input type="checkbox"/> Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input type="checkbox"/> Oppretting/ending av matrikkelenhet (eiendomsdeling) eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Annet			

Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19				
<input checked="" type="checkbox"/> Plan- og bygningsloven med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input checked="" type="checkbox"/> Arealplaner	<input type="checkbox"/> Vegloven	Vedlegg nr. B - 1

Arealdisponering		
Sett kryss for gjeldende plan		
<input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan
Navn på plan		
Kommuneplanens arealdel 2003-2014.		

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder	
Søknad om godkjenning av eksisterende 12 meter flytebrygge som ligg utanfor område for reguleringsplan. Vidare søker ein her om å få legge ut bølgedemparar på til saman 48 meter (50,7 m. inkl. bryggekant) til eksisterende brygge.	
Vedlegg nr. Q -	

Spørsmål vedrørende nabovarsel rettes til			
Foretak/tiltakshaver			
Arkoconsult As			
Kontaktperson, navn	E-post	Telefon	Mobil
Nina Søvik Mjømnen	nina@arkoconsult.no		99245581
Søknaden kan ses på hjemmeside: (ikke-obligatorisk)		WWW.ARKOCONSULT.NO	

Merknader sendes til	
Eventuelle merknader skal være mottatt innen 2 uker etter at dette varsel er sendt. Ansvarlig søker/tiltakshaver skal sammen med søknad sende innkomne merknader og redegjøre for ev. endringer.	
Navn	Postadresse
Nina Søvik Mjømnen	Postboks 103
Postnr.   Poststed	E-post
5291 VALESTRANDSFOSSEN	nina@arkoconsult.no

Følgende vedlegg er sendt med nabovarslet				
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant	
Dispensasjonssøknad/vedtak	B	1 - 1	<input type="checkbox"/>	
Situasjonsplan	D	1 - 1	<input type="checkbox"/>	
Tegninger snitt, fasade	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>	
Andre vedlegg	Q	-	<input checked="" type="checkbox"/>	

Underskrift		
Tilsvarende opplysninger med vedlegg er sendt i nabovarsel til berørte naboer og gjenpart fra Mottagere av nabovarsel fremgår av kvittering for nabovarsel.		
Sted	Dato	Underskrift ansvarlig søker eller tiltakshaver
	06.10.2015	
		Gjentas med blokkbokstaver
		NINA SØVIK MJØMEN



Lindås kommune  
Avd. byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

**Arkoconsult AS**  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen  
Telefon: 56 39 00 03  
Telefaks: 56 19 11 30  
E-post: post@arkoconsult.no  
www.arkoconsult.no

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
Nina Søvik Mjømen

Dato:  
11.09.2015

## **SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL, GNR. 108, BNR. 515 I LINDÅS KOMMUNE**

### **Saksforhold**

Søker med dette om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel samt Plan- og bygningslova i samband med tiltak på Gbnr. 108/515 i Lindås kommune. Tiltakshavar er Consensus Holding AS. Tiltaket består av å legge ut bølgebrytar til eksisterande flytebrygge.

### **Bakgrunn for søknad**

Consensus Holding AS har sidan 2011 vore eigar av Lindås Brygge ved Gbnr. 108/515. Der har det sidan 2001 lege ei flytebrygge på 2,5 x 36 meter med ein landgang på 4 meter frå kai og ut til flytebrygga. Denne flytebrygga vart godkjent av kommunen i 2002 i vedtak av 29.08.2002. Vedtaket vart fatta ut i frå teikningar i målestokk samt synfaring av formannskapet den 29.08.2002. Dagens eigar av Lindås Brygge har såleis ikkje hatt nokon grunn til å tvile på at den eksisterande brygga er i samsvar med gjeldande lov og vedtak fatta av kommunen.

Med tida har det vist seg å vere eit stort behov for ein bølgedempar til flytebrygga. Det har i den samband vore ein del korrespondanse mellom kommunen og tiltakshavar v/ Stein Ove Andersen og i seinare tid Arkoconsult som ansvarleg søker for tiltaket. Denne korrespondansen sett i samanheng med tidlegare vedtak, merknadar frå kommunen til BOH sitt vedtak samt seinare omgjerding av vedtaket, viser at her har det blitt gjort ein del feil ved tidlegare sakshandsaming. Kommunen har blant anna fatta vedtak om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan og på dette grunnlag gjeve løyve til tiltak. Flytebrygga gjekk likevel eit godt stykke utanfor området for reguleringsplan. Dispensasjon skulle såleis ha vore gjeve frå kommuneplanen sin arealdel i tillegg til gjeldande reguleringsplan.

Plan- og bygningslova gjeld som utgangspunkt ikkje for tiltak i sjø. Sjå blant anna *Plan – og bygningsloven med kommentarer* av Frode A. Innjord, s. 29. For sjøareal er det Havne- og farvannsloven som skal nyttast. Det fylgjer av Hfl. § 27, 1. ledd at tiltak i sjø krev løyve frå kommunen. For Lindås kommune er slik myndigheit delegert til Bergen og Omland havnevesen (BOH). Det må derfor søkast løyve til tiltak både frå Lindås kommune og BOH. Då brygga er festa til land kan det likevel diskuterast om den også er i strid med byggeforbod i strandsone, jf. Pbl. §1-8, 2. ledd, og at det derfor burde ha vore søkt om dispensasjon frå denne.

Firma:  
Arkoconsult AS

Forretningsadresse:  
Fossen Senter

Postadresse:  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen

Foretaksregisteret:  
Org. Nr: 997 089 782

Det har i seinare tid vore nemnd at det er uvisst om kommunen var klar over dei faktiske forhold som låg til grunn då tidlegare vedtak vart fatta. Sjå blant anna brev frå kommunen datert 14.08.2015, Ref. 15/300 – 15/26542. Kommunen ynskjer derfor at det i søknad om dispensasjon frå formålet i kommuneplanen sin arealdel og Pbl. §1-8, for bølgedempar, også blir søkt om dispensasjon for den delen av brygga som kjem utanfor reguleringsplanen sitt område. Sjå også om dette i brev nemnd ovanfor.

Vi meiner som utgangspunkt at heile brygga var omfatta av vedtaket frå 2002. Det er her snakk om ei brygge som går heile 12 meter utanfor grense til reguleringsplan. Kommunen har ved handsaminga hatt eit kart i målestokk som viser tiltaket. Ser ein tiltaket opp mot reguleringsplankart ser ein raskt at det går ut over planområdet. Vidare har kommunen vore på synfaring og sett nøyaktig kor langt brygga går ut i frå land.

Det blir vidare nemnd i same brev frå kommunen at det vart gjeve løyve til å legge ut brygge på 36 meter, men at ho stikk 40 meter ut frå land. Dette er på grunn av landgangen som er på ca. 4 m frå brygge til kai. Etter vår meining må denne seiast å vere inkludert i vedtaket frå 2002. Det blir eksplisitt nemnd at sjølve brygga er av betong og 36 m. lang. Ei slik brygge må sjølvstøtt ha tilgang frå kai i form av landgang for å ha noko nytte. Landgangen er av standard type og lik for alle brygger i området. Det same er brygga som blir levert i lengder på 12 meter. Dette er ikkje noko tiltakshavar kan endra. Det er her lagt ut 3 x flytebrygge på 12 meter, samt landgang. Brygge med landgang er teikna inn på situasjonsplan i målestokk 1:500. Landgangen var også lagt ut før synfaringa den 29.08.2002. Det er sjølvstøtt uheldig at tidlegare eigar har utført tiltak før dei søkte om løyve frå kommunen. Når dette likevel vart gjort og synfaring føreteken og teikningar sendt inn, må ein kunne rekne med at vedtaket frå 2002 omhandla **heile** tiltaket slik det allereie var utført.

Slik vi kan sjå ut i frå dei dokument det er gjeve innsyn i, må det seiast at kommunen har hatt alle naudsynte opplysningar for å fatte vedtak i saka. Det vil såleis vere sterkt urimeleg om kommunen 13 år etter vedtaket er fatta kjem fram til motsett resultat her. Det vil etter vår meining vere omgjerding av enkeltvedtak og må i alle høve gjerast med heimel i Fvl. § 35.

Likevel må det seiast at vedtaket frå 2002 ikkje spesifikt gjev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel eller Pbl. § 1-8, 2. ledd, slik det rettmessig burde ha gjort. Det er vidare viktig for noverande eigar at alle tiltak er i samsvar med vedtak frå kommunen. Vi vil derfor ta med heile den delen av tiltaket som er/kjem utanfor område for reguleringsplan i vår dispensasjonssøknad.

Vi søker med dette om dispensasjon frå fylgjande:

- Formålet om NF, jf. Kommuneplanen sin arealdel 2003-2014 § 5.2 om område avsett til Naturvern- og friluftsområde, for den delen av eksisterande flytebrygge som er utanfor reguleringsplan for *Del av Lindås nedre* (12 m) samt omsøkt bølgedempar 2 x 24 m.
- Pbl. § 1-8, 2. ledd om forbod mot å sette i verk tiltak nærare strandlinje enn 100 meter, for den delen av eksisterande flytebrygge som er utanfor reguleringsplan for *Del av Lindås nedre* (12 m) samt omsøkt bølgedempar 2 x 24 m.

### **Regelverk**

Plan- og bygningslova § 19-1 opnar for at kommunen kan gje dispensasjon. Det kan etter § 19-1, 1. ledd dispenserast frå føresegner fastsett «i eller i medhold av denne lov». Dei nærare vilkåra framkjem av § 19-2 andre ledd, første og andre punktum. Det fylgjer av fyrste punktum at dispensasjon ikkje kan gjevast dersom omsyna bak føresegna det skal dispenserast frå, eller omsyna i formålsføresegna, blir «vesentlig tilsidesatt». Vidare må fordelane ved å gje dispensasjon vere «klart større» enn ulempene. Vilråra er kumulative og begge må såleis vere oppfylt for at dispensasjon kan gjevast.

Når det gjeld ordlyden blir det lagt opp til ei konkret vurdering av kvar enkelt sak. I forarbeida blir det presisert at «Det må foretas en interesseavveining, der fordelene ved tiltaket må vurderes opp mot ulempene», jf. Ot.prp. nr 32(2007-2008).

### **Grunnar for å gje dispensasjon**

#### Formålet - Ytste del av brygga med bølgedempar:

Brygga ligg ca. 12 m. ut over grense for gjeldande reguleringsplan. Brygga er totalt 36 m lang og 2,7 m. brei, med landgang som stikk 4 meter ut frå land. Totalt stikk brygge med landgang og planlagt bølgebrytar, 40 meter ut frå land. Sjølve brygga er i sin heilskap lik den som vart lagd ut for 14 år sidan og godkjend i 2002. Viser til drøfting ovanfor.

Bølgebrytarar skal leggest ut på kvar side av enden på eksisterande flytebrygge. Ein får såleis ei brygge med T-formasjon. Bølgebrytarane er 2 meter breie og 24 meter lange og det skal leggest ut 2 stk., 1 på kvar side av eksisterande brygge. Total lengde på bølgebrytar, inkludert enden av brygga, blir såleis 50,7 meter.

I kommuneplanen sin arealdel er området satt til område for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag og meir spesifikt markert som NF område (område for natur- og friluftsliv). Det fylgjer av føresegnene til kommuneplanen sin arealdelen § 5.2 at «Inngrep som vil forringe området sine kvalitetar som naturvernområde og/eller som friluftsområde, er ikkje tillate»

I tilfellet her er det tale om ei flytebrygge med bølgedempar, og ikkje eit tiltak som vil medføre permanente inngrep i verken havbotnen eller standsone. Tiltaket er såleis reversibelt. I vedtaket frå 2002 vart det slått fast at brygga medfører «ingen vesentlige negative miljøkonsekvensar» og at «flytebrygga er ein naturleg del av eit fritidssenter i eit maritimt miljø». Dei same omsyna vil i stor grad gjere seg gjeldane her.

Bølgebrytar vil heller ikkje medføre vesentlige negative miljøkonsekvensar og er i likskap med eksisterande flytebrygge ein naturleg del av fritidssenteret. Dette må særleg seiast å vere tilfellet her langs kysten av Vestlandet. Man er sterkt utsett for ver og vind og trafikk langs sjø. Bølgedempar er ofte naudsynt for å skapa akseptable og trygge fortøyingsområde og har blitt vanlege i området. Flytebrygge på naboeigedomen som ligg innanfor reguleringsplanen sitt område har nyleg fått løyve til å legge ut liknande bølgedempar.

Det må etter dette leggest til grunn at verken flytebrygga eller bølgedempar i vesentleg grad vil «forringe» området sine kvalitetar som friluftsområde eller naturvernområde. Omsyna bak arealformålet det skal dispenserst frå, blir dermed ikkje «vesentlig tilsidesatt».

Fordelane ved å gje dispensasjon er her store. Det er tale om ei brygge som kommunen gav løyve til for 13 år sidan. Sjølv om tidligare omsøkt dispensasjon er fatta på feil plangrunnlag, er vedtaket gyldig og eigar har innretta seg etter dette vedtaket. Brygga er ein viktig del av Lindås Brygge, som i stor grad er avhengig av båtturismen.

I reguleringsplan for *del av Lindås nedre* er området regulert til trafikkområde i sjø. Formålet med kommuneplanen er at området skal brukast som eit maritimt friluftsområde. Når ein ser området i samanheng med reguleringsplanen innanfor må ein kunne legge til grunn at det for området er lagt opp til ei viss ferdsle i sjø, også for motoriserte farkostar. Dette medfører eit behov for fortøyingmoglegheiter, noko som i området her har vist seg å vera vanskeleg utan sikring i form av bølgebrytar.

Det vil vere til stor fordel både for tiltakshavar, eigarar av kringliggande brygger samt båtar som legg til ved bryggene, å få gjennomføre tiltaket etter ynskje. Dette fordi både gjeldande brygge samt mindre brygge innanfor regulert område, jamleg får store skader som fylgje av store bølger. Dette har blant anna resultert i at forsikringsselskap ikkje lenger seier seg villige til å forsikre brygga. Dei krev at tiltak setjast i verk for å prøve å hindre/avgrense skader. Dette må då bli i form av bølgedempar. Utan bølgedempar konkluderer dermed forsikringsselskapa med at bryggja ikkje lar seg forsikre. Eigar vil dermed fortsette å lide store økonomiske tap ved å kontinuerleg måtte erstatte eller reparere flytebrygge for eigne midlar. Båtar som legg til brygga vil heller ikkje vere beskytta mot store bølger og dei skadane desse kan medføre.

Storleiken på bølgedemparen er ei fylgje av at ein også ynskjer å bryte av bølgene for den mindre brygga på 12 m., samt kaiområde, som ligg innanfor.

Det må derfor seiast at fordelane ved å gje dispensasjon er «klart større» enn ulempene.

#### Byggeforbod i strandsona - Ytste del av brygga og bølgedempar:

Som tidlegare nemnd gjeld Pbl. § 1-8 berre for tiltak i strandsona, målt 100 meter frå vanleg høgvatn horisontalt inn over land. Tiltak i sjøområde utanfor denne strandsona er såleis ikkje regulert av Pbl. Det er her Havne- og farvannsloven som gjeld. I brev frå kommunen datert

27.08.2015 (ref. 15/300-15/27829) blir det nemnd at tiltaket ein her søker om å få setje i verk er i strid med det generelle byggeforbodet i strandsona jf. Pbl. §1-8. Det må seiast å vere noko uklart om Pbl. § 1-8 i visse tilfelle også gjeld for tiltak i sjø. Det er i juridisk teori lagt til grunn at båtar fortøydd til land omfattast av forbodet mot tiltak i strandsona. Sjå *Plan- og bygningsloven med kommentarer* av Frode A. Innjord, s. 29. Då flytebrygga er festa til land og har landgang frå brygge til kai, vil den såleis likevel kunne vere i strid med byggeforbodet i strandsona jf. § 1-8, 2. ledd.

Det følger av Pbl. § 1-8, 3. ledd at «Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.». I SOM-2014-2809 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet lagt til grunn at føresegna skal tolkas «slik at den ikke gjelder for reguleringsplaner som er vedtatt etter tidligere plan- og bygningslov, men bare får betydning for planer vedtatt etter loven av 2008.». I strid med Sivilombudsmannen si uttale samt gjengs oppfatning i juridisk teori, legg departementet såleis til grunn at eldre reguleringsplanar og kommuneplanar går føre Pbl. § 1-8. Det er såleis ikkje naudsynt at eldre plan legg til grunn ei byggegrense.

I tilfellet her er både strandsone og deler av sjøområdet utanfor regulert i reguleringsplan frå 2003. Område der brygga er lagt ut er regulert til trafikkområde i sjø. Tiltaket skal såleis festast i ei brygge som ikkje omfattast av Pbl. § 1-8, då det ligg føre reguleringsplan for området. Tiltaket skal vidare plasserast i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til område for NF. Det er presisert i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel § 5.2 at dette er «Område som ikkje er bandlagt eller sikra etter plan- og bygningslova eller etter særlov.».

Etter vår meining er det etter dette tvil om Pbl. § 1-8, 2. ledd gjeld for tiltaket ein her søker om løyve til å utføre. Det må i alle høve seiast at tiltaket kjem noko på kanten av kva Pbl. § 1-8, 2. ledd er meint å regulere. Omsynet til miljø, trygg ferdsel og moglegheit til å komme seg fram i sjø er ivareteke gjennom Havne- og farvannsloven, sjå blant anna § 26, og vil gjerast greie for i søknad til BOH. Det som må vere avgjerande for vurderinga av dispensasjon frå Pbl. § 1-8, 2. ledd, er om tiltaket er så tett knytt opp mot land at dei omsyna som ligg til grunn for regulering av tiltak i strandsona blir tilsidesett.

Brygga ligg ca. 12 m. ut over grense for gjeldande reguleringsplan. Brygga er totalt 36 m lang og 2,7 m. brei, med landgang som stikk 4 meter ut frå land. Totalt stikk brygge med landgang og planlagt bølgebrytar, 40 meter ut frå land. Sjølve brygga er i sin heilskap lik den som vart lagd ut for 14 år sidan og godkjend i 2002. Viser til drøfting ovanfor.

Bølgebrytarar skal leggest ut på kvar side av enden på eksisterande flytebrygge. Ein får såleis ei brygge med T-formasjon. Bølgebrytarane er 2 meter breie og 24 meter lange og det skal leggest ut 2 stk., 1 på kvar side av eksisterande brygge. Total lengde på bølgebrytar, inkludert enden av brygga, blir såleis 50,7 meter.

Hovudformålet med Pbl. § 1-8 er å sikre allmennheten fri ferdsel og friluftsliv langs kysten. Den er også meint å sikre leveområde for plante- og dyreliv langs sjø. Ytste delen av brygga samt bølgebrytar er mellom 28 og 40 meter frå land. Den vil såleis ikkje på nokon måte kunne hindre allmenn ferdsel i strandsona eller forstyrre plante- og dyreliv i større grad enn allmenn ferdsel.

Same omsyn og argument som for dispensasjon frå arealformålet vil og gjere seg gjeldande her. I det fylgjande blir derfor store delar av argumentasjonen gjentakning frå ovanfor.

Det er tale om ei flytebrygge med bølgedempar og ikkje eit tiltak som vil medføre permanente inngrep i verken havbotnen eller standsone. Tiltaket er såleis reversibelt. I vedtaket frå 2002

vart det slått fast at brygga medfører «ingen vesentlige negative miljøkonsekvensar» og at «flytebrygga er ein naturleg del av eit fritidssenter i eit maritimt miljø.».

Bølgebrytar vil heller ikkje medføre vesentlige negative miljøkonsekvensar og er i likskap med flytebrygge ein naturleg del av fritidssenteret. Dette må særleg seiast å vere tilfellet her langs kysten av Vestlandet. Man er sterkt utsett for ver og vind og trafikk langs sjø. Bølgedempar er ofte naudsynt for å skapa akseptable og trygge fortøyingsområde og har blitt vanlege i området.

Fordelane ved å gje dispensasjon er her store. Det er tale om ei brygge som kommunen gav løyve til for 13 år sidan. Vedtaket er gyldig og eigar har innretta seg etter dette vedtaket. Brygga er ein viktig del av Lindås Brygge, som i stor grad er avhengig av båtturismen.

Flytebrygge på naboeigedomen som ligg innanfor reguleringsplanen sitt område har nyleg fått løyve til å legge ut liknande bølgedempar. Denne bølgedemparen er mykje nærare land enn tiltaket ein her søker løyve til å gjennomføre. Den vil såleis i større grad vere til hinder for allmenn ferdsel langs strandsona.

Det vil vere til stor fordel både for tiltakshavar, eigarar av kringliggande brygger samt båtar som legg til ved bryggene, å få gjennomføre tiltaket etter ynskje. Dette fordi både gjeldande brygge samt mindre brygge innanfor regulert område, jamleg får store skader som fylgje av store bølger. Dette har blant anna resultert i at forsikringsselskap ikkje lenger seier seg villige til å forsikre brygga. Dei krev at tiltak setjast i verk for å prøve å hindre/avgrense skader.

Dette må då bli i form av bølgedempar. Utan bølgedempar konkluderer dermed forsikringsselskapa med at bryggja ikkje lar seg forsikre. Eigar vil dermed fortsette å lide store økonomiske tap ved å kontinuerleg måtte erstatte eller reparere flytebrygge for egne midlar. Båtar som legg til brygga vil heller ikkje vere beskytta mot store bølger og dei skadane desse kan medføre.

Storleiken på bølgedemparen er ei fylgje av at ein også ynskjer å bryte av bølgene for den mindre brygga på 12 m., samt kaiområde, som ligg innanfor.

Sett i samanheng med at tiltak i sjø fell utanfor Pbl. § 1-8, 2 ledd, må det derfor seiast at fordelane ved å gje dispensasjon er «klart større» enn ulempe.

Vi ser etter dette ingen nevneverdige ulemper med å tillate dispensasjon. Fordelane må seiast å vere klart større enn ulempe. Dei omsyna som ligg til grunn for formålet blir ikkje vesentleg tilsidesett her.

Konklusjon: Dispensasjon bør gjevast.

Med vennleg helsing/Best. Regarder

  
**Nina Søvik Mjølmen**  
Jurist, Byggesak


 arkoconsult  
Fossen Senter, Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen  
Org.nr. 997 089 782

Firma:  
Arkoconsult AS


Forretningsadresse:  
Fossen Senter

Postadresse:  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen

Foretaksregisteret:  
Org. Nr: 997 089 782



SITUASJONSPLAN  
GNR.108 BNR.515, LINDÅS BRYGGE, LINDÅS KOMMUNE

	DATE/SIGN	<p>NOTE!</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>* PART OF DRAWING MAY NOT BE SHOWN IN SCALE</li> <li>* DO NOT TAKE MEASURES ON DRAWING</li> <li>* ONLY RELAY ON GIVE DIMENSIONS</li> </ul>	<p>ACCORDING TO INTERNATIONAL LAWS, THIS DRAWING IS THE PROPERTY OF ARKOCONSULT AS. THE DRAWING CAN NOT BE USED, MADE PUBLIC OR HANDED OVER TO A THIRD PART WITHOUT OUR WRITTEN CONSENT. ANY INFRINGEMENT WILL LEAD TO LEGAL PROCEEDINGS.</p>
		<p>CONSENSUS HOLDING AS LINDÅS BRYGGE, 108/515, LINDÅS</p>	<p>REVISION/DATE:</p> <p>PROJECT NO.: 2015106</p>
		<p>SITUASJONSPLAN NY BØLGEBRYTAR</p>	<p>DRAWING NO.:</p> <p>58515106A01</p>
	 <b>arkoconsult</b>	<p>SCALE: 1:500</p> <p>DRAWN: PKT</p> <p>CHECKED:</p>	<p>FORMAT: A3</p> <p>DATE: 07.08.15</p> <p>DATE:</p>
	<p>ARKOCONSULT AS, Postboks 103, 5291 Valest.f. Tel.: 56390003 – Fax.: 56191130 – Mob.: 93241511 Mail: post@arkoconsult.no – Org.nr.: 997089782 MVA</p>		



## Kvittering for nabovarsel sendes kommunen sammen med søknaden

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending, overleveres personlig mot kvittering eller sendes på e-post mot kvittering. Med kvittering for mottatt e-post menes en e-post fra nabo/gjenboer som bekrefter å ha mottatt nabovarslet. Ved personlig overlevering vil signatur gjelde som bekreftelse på at varslet er mottatt. Det kan også signeres på at man gir samtykke til tiltaket.

Tiltaket gjelder							
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	108	515					LINDÅS
	Adresse				Postnr.	Poststed	
	Veråsvegen 134				5955	LINDÅS	

Følgende naboer har mottatt eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhørende vedlegg:

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/festers av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
108	33			Øystein Magnus Vabø			
Adresse				Adresse			
				Fonnestvegen 355			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		
5955	LINDÅS			5955	LINDÅS		
Personlig kvittering for				Personlig kvittering for			
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			
Dato				Dato			
Sign.				Sign.			

Denne del klistres på kvittering  
RA 0082 6017 9NO

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
108	33			Line Bekkestad			
Adresse				Adresse			
				Lønborglien 40			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		
5955	LINDÅS			5039	BERGEN		
Personlig kvittering for				Personlig kvittering for			
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			
Dato				Dato			
Sign.				Sign.			

Denne del klistres på kvittering  
RA 0082 6018 2NO

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
108	540			Ole Helge Frotjold			
Adresse				Adresse			
				Krambuhaugen 39 A			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		
5955	LINDÅS			5955	LINDÅS		
Personlig kvittering for				Personlig kvittering for			
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			
Dato				Dato			
Sign.				Sign.			

Denne del klistres på kvittering  
RA 0082 6019 6NO

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
108	540			Trude K. Skjerven Frotjold			
Adresse				Adresse			
				Krambuhaugen 39 A			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		
5955	LINDÅS			5955	LINDÅS		
Personlig kvittering for				Personlig kvittering for			
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			
Dato				Dato			
Sign.				Sign.			

Denne del klistres på kvittering  
RA 0082 6020 5NO

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
108	540			Preben Stormark Hodneland			
Adresse				Adresse			
				Veråsvegen 146			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		
5955	LINDÅS			5955	LINDÅS		
Personlig kvittering for				Personlig kvittering for			
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			
Dato				Dato			
Sign.				Sign.			

Denne del klistres på kvittering  
RA 0082 6021 9NO

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: 5

Sign. *Magnus BR*



4/10-15

## Kvittering for nabovarsel sendes kommunen sammen med søknaden

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending, overleveres personlig mot kvittering eller sendes på e-post mot kvittering. Med kvittering for mottatt e-post menes en e-post fra nabo/gjenboer som bekrefter å ha mottatt nabovarslet. Ved personlig overlevering vil signatur gjelde som bekreftelse på at varslet er mottatt. Det kan også signeres på at man gir samtykke til tiltaket.

Tiltaket gjelder							
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	108	515					LINDÅS
	Adresse				Postnr.	Poststed	
	Veråsvegen 134				5955	LINDÅS	

Følgende naboer har mottatt eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhørende vedlegg:

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn			Dato sendt e-post
108	33			Brian Sweeting			
Adresse				Adresse			
				Helgeplasset 41			
Postnr.	Poststed			Postnr.	Poststed		
5955	LINDÅS			5148	FYLLINGSDALEN		
Personlig kvittering for		Dato	Sign.	Personlig kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> mottatt varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenboereiendom				Eier/fester av nabo-/gjenboereiendom			
